



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

## Referat

### Styremøte 1-2020 – 19.05.2020

Sted: Teams (15:00 – 15:45)

#### Til stades:

Styre:

Per Dag Hole (PDH)  
Kristin Hille Valla (KHV)  
John Olsen (JO)  
Raymond Sørensen (RS)  
Egil Mikkelsen (EM)  
Kristin Prestvold (KP)

Sekretær: Trond Stensby.

Forfall: Bengt Fasteraune.(BF)

## Sak 01/20 – Status rapport frå ICOMOS og Riksantikvaren

### Bakgrunn

Oppsummert samtale med Elin Dalen hjå Riksantikvaren, 28.04.20:

- RA har fått rapporten frå ekspertane i ICOMOS.
- Rapporten oversendt fra ICOMOS, men har vore gjennom ulike panel her.
- RA kan ikkje seie noko om innhaldet.
- RA har behandla sin del av oppdraget frå KMD.
- Ventar på innspel frå Miljødirektoratet.
- Vidare framdrift: Intern kommunikasjon mellom RA og KMD, RA skal gje eit slags råd, gjeld heile spørsmålet om tentativ liste.
- Dalen lovde å varsle på e-post når RA har sendt sitt råd til KMD.

### Drøftingar:

**PDH:** Endring i behandlingsmåten? Nye signal, ikkje i tråd med RA sine tidlegare utsegn.

Prosjektet må finne ein arbeidsform for å komme på banen.

Sakens kjerne: Komme på tentativ lista.

To tiltak:

- Komme i kontakt med RA, signalisere krav om innsyn i ICOMOS-rapporten.
- Etablere politisk kontakt i departementet og/eller med andre politikarar.

**KHV:** Later til at RA vurderer det dei har fått ICOMOS. Har fått stadfesta at Miljødirektoratet har svart RA. Dokumenta og prosjektnotatet er ikkje offentlege før prosessen er ferdig. Går som ei samla pakke frå RA til departementet. Må sjekke ut at departementet får heile rapporten fra ICOMOS. Uttrykke oss med kløkt, og få klarlagt kva for tidspunkt vi kan pårekne å få rapporten fra ICOMOS. Ny liste: truleg maks fire prosjekt som statsråden får velje frå. Å få bli ståande på den tentative lista er målet inntil vidare.



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

Prosjektet må komme i kontakt med riksantikvaren sjølv, og/eller politisk leiing i departementet.

Sekretæren må spørje Elin Dalen på vegne styret: Når kan vi få sjå rapporten?

**EM:** Uhørt ikke å få sjå fagrapporten og konklusjon frå ICOMOS. ICOMOS må vera positive, for at villreinfangsten skal komme på tentativ liste.

**RS:** Truleg at ICOMOS har laga ein felles rapport for villreinfangsten og prosjektet i Finnmark.

**KP::** Bør få rapporten uavhengig av RA sitt råd. Rapporten er viktig for vårt prosjekt uansett.

**JO:** Utfordring at vi ikkje får rapporten før vedtaket er fatta. Fare for at politikarane bitt seg opp før det faglege grunnlaget er kjend. Aktuelt å kontakte Ola Elvestuen i Venstre?

#### **Vedtak**

Sekretæren forhøyrer seg med Elin Dalen om å få innsyn i ICOMOS-rapporten, eventuelt når det kan skje.

AU (Per Dag; Kristin HV og John) følgjer opp saka med eit eige møte.

## **Sak 02/20 – Økonomi**

### **Bakgrunn**

Pr. 31.12.19:	kr. 171.945,68
Fått frå Regionrådet i 2020	kr. 50.000,-
<b>Disponibelt pr. 06.05.20</b>	<b>Kr. 221.945,68</b>

#### **Vedtak**

Styret tek saka til orientering.

Ei ny sak om økonomi og finansiering blir lagt fram når det er meir avklart kva form prosjektet vil få.

## **Sak 03/20 – Organisering / sekretariat for prosjektet**

Per Dag orienterte:

Trond finn det vanskeleg i jobben som nasjonalparkforvaltar å skulle ha ei utadvendt rolle for prosjektet. Kan bli interessekonfliktar i forhold til enkelte kommunar innanfor verneområda.

Per Dag har samtalt med Raymond om ei mogleg forankring på Norsk Villreinsenter. Villreinsenteret har p.t. ikkje ledige ressursar.



VILLEREINFANGSTEN SOM VERDENSARV

- En ti tusen år lang tradisjon -

**Vedtak**

Sekretæren held fram som før inntil prosjektet si vidare form er avklart.

Vågå, 19.05.2020

Trond Stensby

ref.